

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Engerdal.

Emne: Ymse attåt fôr.

Bygdelag: Femundsenden.

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard: Femundsenden.

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Ole Femundsenden, oml. 75 år gamal. F. ved Femundsenden. Bonde.

## SVAR

I.

A.

1-6. Ukjent.

B.

1-6. Ukjent.

II.

A og B.

Tang og tare finnst ikkje ved Femundsenden. Det er heller ikkje vanleg å ta sjögras, men ein slo skjefte (*equisetum hyemale*) om sommaren. Det vart brukt både som fôr og "sengehalm".

III. Ukjent.

IV.

1. Ein slutta med hestemökk som fôr i første åra etter siste krigen.

2-3. Hestemökka vart enten kokt saman med skrehöy, höymö eller mose eller gitt ukokt saman med dette. Hestemökka gjorde at kyrne vart feite og fekk fint hårlag. Nå dei siste åra har dei fått mangelsjukdomar på krötera, men dei trur det er fordi engeslåtten er borte, så det vert svært einssidig fôring. Dyrlækjaren har og sagt det.

*fluviale*